

# Nyhendebrev -

## Pakkeforløp for kreft i Sogn og Fjordane

Hei alle saman! Som de veit har vi no vore i gong med Pakkeforløp for kreft sidan 2015. Vi har fått bygd opp ordninga, og er kome godt på veg når det gjeld å ivareta pasientar som er under utgreiing for kreft og/eller alvorleg sjukdom. Dei 28 pakkeforløpa er detaljerte og beskriv utgreiingsprosessen i detalj. Det er og gode diagnoserettleiarar som vi vil oppmode dykk til å bruke aktivt i kvardagen når de møter desse pasientane og tilviser til spesialisthelsetenesta.

I Helse Førde er vi 3 sjukepleiarar som jobbar som forløpskoordinatorar, fordelt på om lag 200 %-stilling. Hanne Elin Skår har vore her sidan starten, og vil fortsetje som før i 100 %-stilling. Derimot vil Arnhild Støylen få endra arbeidsoppgåver, og vil frå hausten av vere heilt ute av Pakkeforløpa. I februar -17 starta Ida Matilde Johnsen. Dei endringane som har vore har hatt ein glidande overgang, og frå hausten vil det vere Ida Matilde og Hanne Elin som sit i 100%-stillingar som forløpskoordinatorar, med hjelp av Lasse Lesto, som er heilt ny hos oss. På nettsida til Helse Førde ligg der ein [oversikt over kven som har ansvar for dei ulike pakkeforløpa med kontaktinformasjon](#). Ta gjerne kontakt med oss ved spørsmål. Pasientane kan få kontaktinformasjonen vår når de informerer om at dei vert tilvist HFD for utgreiing innanfor Pakkeforløp for kreft.

For at pasientane skal verte prioritert rett i systemet, og før ein set i gang eit stort maskineri, er ein avhengige av gode tilvisingar frå dykk. Vi har henta inn tilbakemeldingar frå klinikken i HFD, og vi har inntrykket av at de generelt er gode på dette. Likevel er det som alltid rom for forbetringar. Då har vi fått eit hjartesukk frå radiologisk avdeling, som ynskjer fleire kliniske opplysningar som kan hjelpe dei å finne det som ofte kan vere som «nåla i høystakken». Då kan dei lettare vite kva dei skal sjå etter, samt køyre dei rette protokollane.

Vidare vil vi presisere at de set på rett hastegrad på tilvisingane på pasientar de meiner skal inn i Pakkeforløp. Når de har merkt tilvisinga til klinikk eller radiologi med «Pakkeforløp for Kreft» vil vi som forløpskoordinatorar kunne plukke desse opp, og følgje dei vidare. Om de er usikre på om pasienten skal vere i eit Pakkeforløp, sjå [Helsedirektoratet sine diagnoserettleiarar](#).

Vi ynskjer eit tett samarbeid med dykk, og ynskjer å få til ei erfaringsrunde i fylket i løpet av vår/haust 2018. Då vil vi hente inn erfaringar og tilbakemeldingar frå dykk som fastlegar, samt at vi kan gje informasjon om Pakkeforløpa i Helse Førde til de som ikkje har fått det før. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar dersom de ynskjer at vi skal komme til akkurat dykkar legekantor.

Med venleg helsing Hanne Elin, Ida Matilde og Arnhild.

